



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Stormark og Rune Minde.

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen

Frå kyrkjekontoret: *Evvy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 12/21 – 14/21

F 12/21	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 04.05.2021
Vedlegg	Møteboka frå 04.05.2021 Innkallinga til møtet 22.06.2021
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 13/21	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Førebels orientering om rekneskapsresultata (Rekneskapane vil koma opp som sak i første møte etter sommarferien)• Orientering om drøftingsmøte 22. september for prostiet vedk. ny organisering.

F 14/21	KYRKJETENAR OG REINHOLDARSTILLINGA – KVA GJER VI VIDARE?
	<p><u>Bakgrunn:</u> Som soknerådet er kjent med har Arve Husa sagt opp stillinga si, som kyrkjetenar og reinholdar i ei kombinert stilling. Stillinga vart lyst ut i ei 25 % stilling, der 10 % av stillinga vart vurdert å vera som reinholdar. Stillingsprosenten er redusert, slik at den samsvarar betre med det som er den faktiske situasjonen med dagens omfang av gudstenester og kyrkjelege handlingar, samt andre arrangement. Stillinga vart lyst ut som ein kombinasjon av begge funksjonane samla, men med høve for å søkja på den eine av dei.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Vi fekk positivt svar frå 1 søkjar, som berre var interessert i reinhaldardelen. Denne søkjaren trekte etterkvart søknaden sin. Dermed har vi ingen søkjarar.</p> <p>På soknerådsmøtet 4. mai drøfta vi denne situasjonen. Det kom då opp framlegg om det kunne vera mogeleg å dela på kyrkjetenarfunksjonen på timebasis. Vi har ingen løysing på reinhaldardelen.</p> <p>Arve Husa vert med i møtet for at soknerådet kan vera i dialog med han i forhold til innhaldet i stillinga.</p> <p><i>Framlegg til vedtak:</i> <i>Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.</i></p>
Vedtak:	<u>Kyrkjetenar og reinhaldar stillinga blir lyst ut lokalt; på kyrkja sin heimeside og på Nav sine sider.</u>

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Stormark og Rune Minde.

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 13/21 – S 16/21

S – 13/21	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 04.05.2021
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 04.05.2021 Innkallinga til møtet 22.06.2021
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 14/21	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">• Ikkje open kyrkje sommaren 2021



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 15/21	MARKERING AV KYRKJA SIN 80 ÅRS DAG
	<p><u>Bakgrunn:</u> AU drøfta saka på sitt møte 10. juni. Det kom framlegg om at jubileet kunne markerast i samband med gudstenesta 26. september. Det vart også drøfta om ein kunne gjennomføra denne gudstenesta, med å hyra inn ekstra songkrefter til dette og gjera det litt i Grete Herøy si ånd. Om gjenlevande ektefelle støttar framlegget og dette let seg praktisk gjennomføra, så kan dette vera eit formål som minnegåva etter hennar gravferd kan brukast til. AU hadde også oppe til drøfting om det er mogeleg å arrangera eit tårnagentopplegg same helga og presentera dette på samme gudstenesta. Soknerådet drøftar innhaldet i ei slik markering i møtet.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Saka vert tatt opp til drøfting i soknerådet</i></p>
Vedtak:	Drøftinga i soknerådet blir tatt vidare til AU møte.

S 16/21	MØTEPLAN HAUSTEN 2021
Vedtak:	<ul style="list-style-type: none">• Tirsdag 21. september• Tirsdag 30. november